



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Christine Knag, +47 55572067

Vår dato
06.09.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/10536
Dykkar referanse

Havforskningsinstituttet
Forskningsstasjonen i Matre
5984 MATREDAL

Rapport frå inspeksjon ved Havforskningsinstituttet sin forskningsstasjon i Matre 11. august 2016

Rapportnummer: 2016.004.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Kåre Storsæter
Øyvind Torslett

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Anne Christine Knag
Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 1 avvik og har ikkje gitt nokon merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll

Avviket er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Havforskningsinstituttet må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. desember 2016** på at avviket er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Med helsing

Sissel Storebø
Senioringeniør

Anne Christine Knag
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Masfjorden kommune Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES

1. Informasjon om verksemda

Namn: Havforskningsinstituttet	Risikoklasse: 4
Besøksadresse: Forskingsstasjonen i Matre	
Postadresse: 5984 MATREDAL	
E-post: oivindto@imr.no	Telefon: 97 17 43 97
Kommune: Masfjorden	Organisasjonsnr.: 9713 49 077
Bransjenr. (NACE-kode):	Eigar (org.nr.):
Løyve sist oppdatert: 9. november 2005	Siste tilsyn: -

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannens risikobaserte industritilsyn for i år.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- risikovurdering
- utsleppskontroll
- farleg avfall
- vedlikehald
- substitusjon av kjemikal
- løyvet 9. november 2005

Rapporten omhandlar avvik som blei avdekkja under inspeksjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av Havforskningsinstituttet sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avviket som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. desember 2016** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avviket er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avviket er retta innan **1. desember 2016**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulka. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post av 23. juni 2016 at Havforskningsinstituttet vil få eit gebyr på 4 800 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette er gebyrsats 4. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 9. november 2005

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø

- Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7

Kommentar til regelverket:

Et internkontrollsystem skal sikre at forskingsstasjonen overheld krava som er satt i forureiningslova, i produktkontrollova og relevante forskrifter. Både arbeidet med risikovurdering og rutinar skal vere skriftlig. Skriftlige rutinar bidrar til å sikre at alle ledd i organisasjonen har same informasjon.

Skriftlege rutinar

Forskingsstasjonen skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift.

Arbeidsrutinar må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Miljømål

Verksemda skal ha vurdert kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten ved drift av forskingsstasjonen. Ut frå dette skal forskingsstasjonen setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødig forureining av det ytre miljø. Desse måla skal gjelda for anlegget/lokaliteten, og dei skal vera konkrete og dokumenterte slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

Leiinga skal vurdere om måla er nådd eller ikkje. Denne vurderinga skal visa om mål og delmål er nådde, eller om drifta må justerast for å oppnå dette.

Dei tilsette må kjenna miljømåla. Den daglege drifta av anlegget skal vere lagt opp for å nå måla.

Risikovurdering

Forskingsstasjonen må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. Til dømes må forskingsstasjonen kjenna til kva for kjemikaliar og medisin som blir brukte og kva for effekt desse har på miljøet. Ut frå dette kan ein så laga ordningar og rutinar for å minska risikoen for utslepp og forureining. Det må òg etablerast rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

Risikovurderinga skal utarbeidast i samarbeid med dei tilsette. Dette er viktig for at alle skal få eigarskap til prosessen, og for at alle farar skal bli vurdert. Prosesser som bør vere med i risikovurderinga til forskingsstasjonen for ytre miljø, er mellom anna:

- Tidlegare hendingar
- Mulige/sannsynlige hendingar
- Hendingar som mest sannsynlig ikkje vil skje, men der konsekvensen er stor om det skjer

Risikovurderingar skal gjerast jamleg, til dømes når det skjer endringar i drifta, i utsleppsforhold og i regelverk eller ved skifte av utstyr og kjemikaliar.

Avvikshandtering:

Forskningsstasjonen må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Dette inneber blant anna å ha eit aktivt avvikssystem.

Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentaking av feil og manglar. Det er viktig at alt personell i alle ledd har ei felles forståing om kva som skal registrerast som avvik.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Havforskningsinstituttet har etablert internkontroll og forskningsstasjonen er omfatta av denne. Internkontrollen har manglar når det kommer til ytre miljø. Til dømes når det gjeldar:

Skriftlege rutinar

Forskningsstasjonen har ikkje skriftlege rutinar for føring. Dette er viktig med tanke på å unngå utslepp av overflødig før.

Miljømål

Det er satt overordna mål for ytre miljø som gjeld heile Havforskningsinstituttet. Det er ikkje satt anleggsspesifikke og konkrete mål for lokaliteten, til dømes for

- kva som er akseptabel forureining av resipienten
- avfallsmengd
- kjemikalmengd
- rømming
- utslepp

Risikovurderingar

I rutinen for risikovurderingar står det ikkje at denne skal bli oppdatert/gjennomgått ved endringar av utstyr eller endra risikobilete. Verksemda oppgjer at dette blir gått igjennom på årlege IK-akva samlingar, men det blir ikkje reflektert i den skriftlege rutinen.

Påverknad på resipient er ikkje tatt med i risikovurderinga til ytre miljø landanlegg.

Verksemda har i si risikovurdering ikkje sett kriterium for kva som er akseptabel forureining frå verksemda for å sikre ein tilfredsstillande tilstand i resipienten.

Det er ikkje utført miljørisikovurderingar for å førebyggje at anlegget gir uakseptabel forureining av resipienten.

Det vart opplyst om at forskningsstasjonen har fått tilbakemelding frå hobbydykkarar at tilhøva ser bra ut ved utsleppspunktet. På Fylkesmannen sin synfaring var det tydelig å sjå at det er god omrøring av utsleppet grunna stadig vasstilførsel frå utsleppet frå BKK i same resipient. Forskningsstasjonen må ta resipienttilhøva inn i risikovurderinga og påverknad på resipient av utsleppa deira må vurderast.

Manglande avvikshandtering

Det er ikkje mogleg å registrere avvik på ytre miljø i systemet som blir nytta på Havforskningsinstituttet, då det ikkje er ein kategori for ytre miljø.

8. Merknader

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Andre forhold

Dette tilsynet gjaldt løyve for H/mf 024 (400 000 stykk setjefisk laks/aure).

Havforskningsinstituttet har ytterlegare to løyve for forskingsstasjonen på lokaliteten i Matredal:

- H/mf 001 (400 000 stykk setjefisk for laks og aure)
- H/mf 028 (400 000 stykk (20 tonn) yngelproduksjon marine artar)
- H/mf 316 (400 000 stykk (20 tonn) spesifisert liste marine artar)

Total kapasitet per i dag er 300 000 fisk totalt.

Fylkesmannen har eit pågåande arbeid i forbindelse med framtidig overvaking av resipienten Masfjorden. Forskningsstasjonen vil bli varsla om eventuelle deltaking i overvakingsprogrammet.